



Det er grunn til å tru at ein langvarig juridisk dragkamp mellom grunneigar Magne Huglen og forsikringsselskapet Gjensidige om den havarerte brua ved Dønhaughølen no er nær ei løysing.

Det betyr at Huglen har fått eit tilbod om erstatning som han finn å kunne akseptera og dermed vil det kunne gjennomførast nok ein brureparasjon.

Denne saka er no 6 år gamal ettersom brua vart øydelagt av flommen 14. september i 2005.

Først 19. oktober i 2009 var det klart for den avgjerande operasjonen - brua skulle lyftast på plass att på eit nytt landkar.

Men lyftet vart mislukka fordi brua ikkje vart lyfta lang nok. Ho fall ned i eine enda og vart delt i tre delar. Eit Oddafirma med ei svær kran hadde jobben men luktast altså ikkje. Sidan har saka versert på det juridiske plan.

På biletet over er grunneigar Huglen på veg over brua like før den mislukka operasjonen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen